

## **VEDTEKTER FOR SOGN OG FJORDANE HOLDING AS**

Vedteke i generalforsamling 21.06.2012.

### **§1-Føretaksnamn**

Selskapet sitt namn er Sogn og Fjordane Holding AS.

### **§2-Forretningskontor**

Selskapet sitt forretningskontor er i Leikanger kommune.

### **§3-Føremål**

Selskapet si verksemd er investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom og anna verksemd som står i samband med føremålet.

### **§4-Aksjekapital**

Aksjekapitalen er kr 30.000, fordelt på 30.000 aksjar, kvar pålydande kr 1.

### **§5-Styre**

Selskapet skal ha eit styre med tre medlemer, og tre varamedlemer i prioritert rekkjefølgje. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gir tilråding til generalforsamlinga om val av styre.

### **§6-Signatur**

Styret sin leiar aleine teiknar firmaet.

### **§6-Generalforsamling**

På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande spørsmål behandlast og avgjerast:

- Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, under dette utdeling av utbyte
- Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer under generalforsamlinga.

### **§8-Aksjelov**

Elles gjeld den til kvar tid gjeldande aksjelov.